




«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø - utviding Flåm cruisekai Aurland kommune

Aurland Hamnevesen KF skal utvide cruisekaia i Flåm frå 110 meter til 185 meter ved å etablere tre nye cellespuntar i forlenging av dei fem eksisterande, jf. Figur 1.



Figur 1 Plan cellespункt - Norconsult


Føremålet med tiltaket er bl.a. å tilretteleggja for landstraum til cruiseskipa sidan dagens kai er for liten til å etablere tilkoplingsstasjonar (uttaksskap) på kaikanten som vil treffe skipa sine tilkoplingspunkt for landstraum. Etablering av landstraum vil redusera luftforureining og støy frå skipa, ettersom det ikkje vil vera naudsynt å bruka dieselaggregat for straumforsyning. Det er normalt 150-160 cruiseskip pr. år i Aurland og Nærøyfjorden. Etablering av landstraum for cruiseskip vert ansett som ein viktig føresetnad for å kunne oppnå klimanøytrale løysingar.

For å etablere kaiutvidinga skal følgjande arbeid utførast i sjø:

- Ca 8 500 m³ sprengsteinsmassar i eksisterande sjøfylling skal flyttast ut på djupare vatn (jf. figur 2)



- Utfylling av ca. 8 800 m³ massar mellom spuntane og innafor mot land. Dersom det lét seg gjera anleggsteknisk, vil entreprenør fyrst anleggja ein steinsjetè mellom den nordlegaste cellespunte og land.



Figur 2 Teikning som viser flytting av massar i sjø (Norconsult)

Rådgivende Biologer har konsekvensutgreia tiltaket i samband med reguleringsplanen og konklusjonen er: " Basert på sedimentas forureiningsgrad, tiltakets størrelse (sjøbøtnareal som vert rørt utanfor eksisterande fylling), samt planlagt avbøtande tiltak med tidsavgrensing av anleggsperioden for å hindra påverknad på anadrom fisk, vert det vurdert at påverknaden på ytre miljø vil vera liten."

Sidan omplassering av sprengsteinsmasser i sjøen i stor grad vil røra ved eksisterande fyllingsfot (kor det ikkje er sediment) ser ein ikkje behov for å bruka siltgardin under arbeidet med omplassering av massar. Massane som skal flytast på er også allereie vaska fri for finstoff.

Som avbøtande tiltak er det føreslått:

- Partikkelspreiing vert overvaka visuelt
- Montere ei siltgardin til bruk mellom den nordlegaste cellespunte og land når det skal fyllast innanfor cellespunteane (evt. ein steinsjetè). Dette vil hindra partikkelspreiing frå utfyllingsmassar.



- Ved synleg blakking av vatnet elles i anleggsarbeidet vil entreprenør vurderer andre avbøtande tiltak

Tidsperiode for gjennomføring av tiltaket er førebels uavklart, då dette avhenger av NVE sin søknadshandsaming om konsesjon for landstraum til cruiseskipa. Arbeid i sjø vert tidlegast haust 2024. Det antas at heile anleggsarbeidet vil pågå i ca. 6-9 mnd., medan sjølve massehandteringsarbeidet (arbeid med stein i sjø) vil pågå i ca. 3-4 mnd.

Ber om eventuelle uttaler innan 10. mai 2024

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 10. mai 2024. Uttaler kan sendes til sfvlpost@statsforvalteren.no merket 2024/3113.

Søknaden med vedlegg og Statsforvalterens brev i saka blir gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknadskjema tiltak i sjø Flåm cruisekai - Aurland Hamnevesen
- 2 Risikovurdering av forureina sediment
- 3 Konsekvensvurdering for naturmangfold
- 4 Kart /teikingar over tiltak i sjø Flåm cruisekai - Aurland Hamnevesen KF-3

Kopi til:

Aurland Hamnevesen KF
Norconsult

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			